**ISOMERI**

ASLAK BRIMI KVARTETT





## FANFARE
M: Aslak Brimi   Arr.: Svein Tore Werstad

Ein fanfare kan vere så mangt - så lenge det er jubel og glede. Dette er vår versjon.

*Til Gabriel og Columbi egg.*

## ELDRIVALS
M og Arr.: Aslak Brimi

Det er somme milepælar i livet som er meir livsendrande og sjelsettande enn andre. Det å få barn er nok av det største.

*Til Eldri og den varmande latteren.*

## ISOMERI
M og Arr.: Aslak Brimi

Hendene din er like. Men, dei er ikkje identiske: Dei er speglbilete av kvarandre. Slik har vi det også på molekylnivå. Nokre molekyler med særskilte eigenskapar ser like ut, men er speglbilete av kvarandre. Dette fenomenet kallast isomeri.

*Til Lise, Per-Odd og Mari.*

## HAUST
M: Aslak Brimi   Arr.: Bjørn Kåre Odde

I 2019 skreiv Aslak og Bjørn Kåre suita «Skaldespor» i høve litteraturfestivalen *Diktardagar*. Denne hallingen var ein av satsane, og har blitt omarrangert til oss i kvartetten.

## NAKI GREIN
T: Olav Aukrust   M: Aslak Brimi
Arr.: Jorunn Marie Kvernberg

Diktet "Naki grein" (*Himmelvarden*, 1916) er av dei mest tidlause av diktaren Olav Aukrust (1883-1929).

*Ei naki grein med blodraud bær*
*og ei som bladrik blømer,*
*på kvar sin måte fagre er*
*for den som kjærleg dømer.*

*Den eine gjev sin ange, ho,*
*der ljuv ho ligg og blømer.*
*Den andre gjev sitt hjarteblod*
*når lauv og haustvind rømer.*

*Den eine skin og strålar, ho,*
*den andre brenn og mognar*
*og gjev til sist sitt hjarteblod;*
*der tung av bær ho bognar.*

*Eg gav deg den med blomar på.*
*Eg gjev deg den med bæri.*
*Kven rikast er vil du få sjå*
*litt lenger fram på ferdi.*

## ORBITAL
M: Aslak Brimi   Arr.: Jorunn Marie Kvernberg.

Elektronet… denne vesle og nesten vektlause negative partikkelen flyg kring atomkjerna. Det susar tilsynelatande tilfeldig rundt, men held seg likevel innanfor visse område: Orbitaler.

## SPOR
M og Arr.: Bjørn Kåre Odde

Å vere spelmann er å ta over arven etter generasjonar med tidlegare spelmenn. Det er å rekkje spora etter det tidlegare spelte og levde. Denne slåtten laga Bjørn Kåre i høve Lom spel- og dansarlag sitt 75-årsjubileum i 2017.

## LUGN
M og Arr.: Aslak Brimi

Bjørn Odde (1939-2020) var av dei viktigaste læremeistrane til Aslak, og kanskje den han har lært flest slåttar av. Bjørn var ein fantastisk lugn og varm læremeister som satte hygge og god stemning høgt. Bjørn gjekk bort vinteren 2020.

## OPERAVALS
***Vals til nattens dronning***
M: Aslak Brimi   Arr.: Jorunn Marie Kvernberg

Denne valsemelodien laga Aslak til FolkOrg sin meisterkonsert i sjølvaste operaen. Ein vals smått inspirert av arien til Nattens dronning i Mozart sin opera «Tryllefløyta».

## NESTE DAG
M: Aslak Brimi   Arr.: Bjørn Kåre Odde

I 2019 skreiv Aslak og Bjørn Kåre suita «Skaldespor» til festivalen *Diktardagar*. Der hadde dei ein song med ei tekst av Olav Aukrust (1883-1929) som heitte «Mot dag». Denne songen og arret er inspirasjonskjelda for «Neste dag».

## ROSESONG
T: Knut Buen   M: Aslak Brimi   Arr.: Bjørn Kåre Odde

*Eg elskar alt det liv som teier*
*og ikkje veit kor vent det er.*
*Og sant, med duft og former, seier*
*sitt om det å vera her.*

*Og ikkje higar etter æver*
*men blømer i sin sommarblund.*
*Og liksom vakre draumar lever*
*berre  i ei lukkestund.*

## VIANVANG
M: Aslak Brimi   Arr.: Bjørn Kåre Odde

På bergnabbar og skrentar i røffe Jotunheimen kan ein innimellom råka over ein vakker og særeigen blome som kallast Fjelldronning, *Saxifraga Cotyledon*. Lokalt kallast ho Vianvang.

*Til Arne, Even og gjengen*

## ÅRRING
M: Aslak Brimi   Arr.: ABK / Andre Viervoll

Som årringar i treet - med gamal ved innst, og ein ring for kvart år utover frå kjerneveden - veks og utviklar folkemusikken seg. Vi har dei gamle tradete slåttane, og ettersom åra går vert meir og meir musikk lagt inn i repertoaret. Denne hallingen er eitt av bidraga til folkemusikktreet.

Produksjonen er støtta av
Norsk Kulturfond, Fond for lyd og bilde
og CREO vederlagsfond.

*Fjelldronning-riket er hengjande bratt,*
*turr-lendt, magert og skrint.*
*Her er det fredeleg, vidskodt og vilt*
*og livsrom åt blomom.*

«Fjelldronning-riket» (utdrag),
Jo Turtumøygard, *Jøkulen græt*, 1970

ta:lik

ASLAK BRIMI KVARTETT — ISOMERI


1 : Fanfare
2 : Eldrivals
3 : Isomeri
4 : Haust
5 : Naki grein
6 : Orbital
7 : Spor
8 : Lugn
9 : Operavals
10 : Neste dag
11 : Rosesong
12 : Vianvang
13 : Årring


Innspelt i Newtone Studio 2020
Produsert av Aslak Brimi og Andre Viervoll
**Opptak og miks:** Andre Viervoll
**Master:** Propeller Mastering v/Morgan Nicolaysen
**Grafisk formgjeving:** Heidrun Laugsand
**Foto:** Johannes Selvaag
**Tekst:** Aslak Brimi

Takk til Andre, Frode, Niels, FFLB, Norsk kulturråd, CREO, og alle som lyttar til musikken vår.
Takk til Knut Buen for løyve til å bruke teksta «Rosesong».





**Aslak Brimi** fele og song
**Bjørn Kåre Odde** bratsj og fele
**Espen Wensaas** cittern og gitar
**Svein Tore Werstad** saksofon

Støtta av Kulturrådet
Norsk kulturfond og
Fond for lyd og bilete

℗2021 Aslak Brimi | ©2021 ta:lik | info@talik.no
n©b | TA222 | www.talik.no | www.aslakbrimi.no

TA:LIK TA222